

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

NR 1

FEBRUAR 1984

38. ÅRGANG

Slitsomme bønnemøter

Av Per Arne Dahl

Det er slitsomt å være på bønnemøte når mange ber lange og mange bønner så lavt at ingen kan høre hva de er.

Det er slitsomt å være på bønnemøte når en aner at bønn er oppramsing av til-lærte ord og vendinger.

Det er slitsomt å være på bønnemøte når lufta er tung og varm, og folk roper som om Gud er døvhørt.

Jesus advarer mot slik bruk av bønn: «Når dere ber, skal dere ikke ramse opp ord slik hedningene gjør, de tror de blir bønnhørt ved å bruke mange ord. Vær ikke lik dem!»

Ønske om å ta Jesus på ordet har derfor flere og flere begynt å benytte seg av «samtalebønn» under bønnemøter. Istedenfor å imponere med lange, velformuler-te bønner, forsøker vi å være ekte.

Vi nevner én ting ad gangen for Gud når vi ber. Dermed blir ikke bønn prestasjonspreget, men en enkel be-troelse til Gud.

Følgen av samtalebønn blir

at langt flere blir med og ber. Istedenfor «milelange» bønner består bønnemøtet av 20 korte og ærlige bønner.

Vi kan puste. Vi kan hvile. Vi kan snakke med Gud om vårt liv. Vi trenger ikke rope ekstatisk – Gud hører utmerket. Vi trenger ikke mase – Gud vet om oss. Vi trenger ikke bruke Kanans ord og

vendinger – Gud forstår oss slik vi er.

Kanskje føler du trang til å begynne å be. Temmelig mange sier noe om at de tror bønn formidler velsignelse. De vet bare ikke hvordan de skal begynne. I så fall, begynn med den bønnen Jesus har lært oss å be. I «Fader Vår» lærer han oss hva bønn er – å lukke opp for ham.



Bønn er å lukke opp for Jesus. FOR FATTIG OG RIK

KYRKJEBLADET TRENG PENGAR!

Med dette nr. sender me ut giroblanket-tar til bladpengane. Kassen er bortimot botnskrapa, og difor har me ikkje råd til å gje lesarane så mange nr og sider som me ville og burde. Bladpengane er kr. 30,- eller meir. Innbetalingane vert som ei folkerøysting om korleis lesarane vil bladet skal vera. Korleis røystar du --??



Har me noko mat til henne? Gåva frå Noreg!

Ei ung kvinne, først i 30-åra, ligg avmagra på ERA-sjukehuset i Ali-geddépå det eritreiske høglandet. Ho er utsvelta og har dessutan fått tuberkulose. Går det mot slutten med livet hennar?



Det er mange som henne i Eritrea i dag. ERA, hjelpeorganisasjonen til den eritreiske frigjeringsrørsla, gjer eit umåteleg bra arbeid. Men landet er på det næraste skrappa for mat, og kan ikkje greia seg utan hjelp utanfrå. Kirkens Nødhjelp sende mat for sju og ein halv million kroner inn i Eritrea i 1983. Hjelpa held fram med auka styrke i år. Eit feltsjukehus er også sendt inn. Men det er vanskeleg å nå fram til alle. Borgarkrigen mot sentralregjeringa i Addis Abeba har vart i snart tjueto år. Men kvar kornsekk når fram til folk som svelt, og bergar liv. I kvar landsby har ERA lister over dei som har det vanskelegast. Til no har dei fleste berga livet ved at alle har delt det som finst av mat.

**NO ER DET SLUTT PÅ MATEN.
DET FINST IKKJE MEIR Å DELA!**

Med fastebøssene sine spør Kirkens Nødhjelp om det norske folket har noko å dela med medmenneska her i det tørkeherja Etiopia!

Tolv år gamle Daniel strålar av glede. Han har fått ei stor gåva. Ikkje noko elektrisk tog, og ikkje racersyssel med ti gir, men eit ullteppe som kan halda kulden ute i dei kalde vintermånadane. Daniel bur saman med mor si og småsyskena i indianarområdet Los Tonayes nord i Guatemala. Far hans vart drepen under ein massakre i landsbyen. I eit halvt år var Daniel på røming i fjella saman med geriljaen. No har kvinnene og borna fått lov til å slå seg ned på eit område som vert halde under streng kontroll av regjeringssoldatar.



Men dei har ingen ting å leva av no, etter at dei måtte røma frå gardane sine. Dei er i same stoda som meir enn 20 000 andre indianarar i san Martin-distriktet. Kirkens Nødhjelp er einaste hjelpeorganisasjonen som får sleppa til i dette området, og den einaste som indianarane her har tiltru til. Meir enn 20 000 menneske i tjuetre bygdesamfunn ville ikkje greia seg utan den hjelpa Kirkens Nødhjelp kan gje dei frå nordmenn. Så no veit du kva innhaldet i fastebøssa di går til.

Ei faste i sekk og oske?

ME SPØR GENERALSEKRETÆR JAN A.

ERICHSEN:

-Kirkens Nødhjelp går ut med fastebøssene sine og oppmodar oss alle cm å gje til dei fattige i verda. Vil du at alle nordmenn skal stramma inn livreima og kle seg i sekk og oske i fastetida?

-Nei, noko ytre markering med triste fjes og botsklede skal me i alle høve ikkje ha. Les berre kva Jesaja skriv om det i 58. kapitlet. Han seier at me skal fasta med å setja frie dei som er lagde i lenker, fria ut dei undertrykte og dela vårt brød med dei som svelt.

-Korleis kan me gjera det?

-Me kunne kanskje forsaka noko no fastetida, til beste for våre medmenneske i den tredje verda. Eg trur til dømes at familiar vil oppleve det som godt og fornyande om dei tok seg tid til å snakka om dette. Er det noko me kan vera utan i fastetida, og heller leggja pengane på fastebøssa?

Men elles trur eg at dei fleste i vårt land har så mykje at dei utan å forsaka noko kunne gje nok til å berga eit anna menneske gjennom lang tid. Eg har nett fått opplysingar om at menneske i Eritrea, der dei no er heilt avhengige av hjelp utanfrå, kan haldast i live eit heilt år for 600 kroner. Eg vil tru at mange norske familiar kan ta på seg ei slik oppgåve!

- Men fasta skal vel ha eit åndeleg innhald og?

-Ja, fasta skal vera ei førebuingstid til påske. Og eg skulle ynskja at mange fleire verkeleg tok seg tid til ettertanke og meditasjon over Jesu vegg fram mot krossen. Åndeleg ettertanke og omtanke for nesten vår bør vera to sider av samme sak. Den lidande Kristus møter oss gjennom lidande medmenneske. Bryr me oss om han? (Matt. 25.45)

J.H.

Deler du brød?



Såkornet skin i handi.
Skrik ikkje etter brød!
Sjå kva eg får til overs
når eg har sått mitt frø.

I solstille mogningsdagar
skjer eg mitt korn.
Aks lyser i skynd som andlet.
Bleike born

flokkar seg kringum. Stengjer vegen
der eg skal trø:
Deler du brødet med meg,
deler du brød?

Ropar det, talar det, kviskrar:
Kom straks!
Vente til eg får berga
dei dyre aks.

Trugar ein haustleg himmel,
nattkald og blå.
Når eg får berga og baka mitt brød,
da skal du få.

Augo stirer, stirer
frå himmel og grøde og jord.
DELER DU BRØDET MED MEG,
DELER DU BRØD, MIN BRØD?

Jan Magnus Bruheim.



Vellukka vintertreff på Dale

Dramagrappa øv-
er på framfør-
ing av evangelie-
teksten til guds-
tenesta.



For mange var gudstenesta søndag eit høgdepunkt på treffet. Det var fin song av eit minikor frå Fides og "Refleks", Voss, og treffkoret. Og nattverden med mange unge til alters var ei høgtidsstund.



Helga 3.-5. februar var vel 60 ungdommar frå Vaksdal og Voss samla til vintertreff. Programmet baud påkveldssamlingar med blanda program, bibeltime, aktivitetsgrupper med drama, foto, volleyball, korsong og forming, og gudstenesta.



Fire av jentene frå Fides hadde laga eigen treffsong, som dei framførde fleire gonger.



Gunnar Vik heldt
bibeltimen.



Laurdagskvelden hadde mange kledd seg ut. Her er vossingar i "E.T."-drakter.



Mari Sønnesyn
frå Voss
dirigerte.



Det var stor
stemning i
kantina på
Dale fabrikk-
ker.

Du ein KFUM- speidarleiar

Vi kan tilby eit treningsmiljø for heile mennesket", seier Sondre O. Bratland om speidarane. Sondre er kjend for songen og musikken sin. Sist vinter fekk han spelemannsprisen for plata Pilegrimens Sangbok. I snart 20 år har han drive speidararbeid i 1. Edland KFUM, og han vil gje deg svar på nokre spørsmål om KFUM-speidararbeidet:

KVA KAN KFUM-SPEIDARARBEIDET GJE DEI UNGE I KYRKJELYDEN?

Vi kan by dei eit treningsmiljø for heile mennesket under ein vaksen som sjølv er vedkjennande kristen. Med heile mennesket meiner eg ånd, sjel og kropp. Det er snakk om eit kristent barnearbeid med stor vekt på aktivitet. Eg ser det som eit ideal at aktiviteten må vere knytt til lokalsamfunnet og dei tilhøve som finst der for til dømes å drive fri-luftsliv.

ER KFUM-ARBEID KYRKJELYDSARBEID? DE DRIV DA MED SA MYKJE RART!

Eg tykkjer det er kyrkjelydsarbeid i høgste grad! Vi er med på å trene born og unge til å velja aktivt i ymse spørsmål som har med livssyn å gjera. Knutar, surringar, første-hjelp og andre speidaraktivitetar blir brukte som eit middel for å skape kontakt og levande miljø. Borna tykkjer dette er moro, og. Eit slikt miljø skaper ofte glade og opne ungar, som og kan vera opne for forkyning.



KOR MYKJE KREVST DET AV EIN SOM SKAL VERA SPEIDARLEIAR?

For det første må ein vera vedkjennande kristen. Ein må også ha glede av å vera saman med born og unge. Eg har funne ut at det går med ein kveld i veka, og to-tre helger i året.

ER DET VANSKELEG Å STARTE OPP KFUM-SPEIDARARBEID?

Nei, dersom ein ser at det trngst, og er ein vedkjennande kristen, er det mykje hjelpestoff å få til å starta KFUM-arbeid. Problemet ligg nok i det å finne ein vaksen som er viljug til å ta ansvaret og leia dei unge. Borna har det aldri vore noko problem å få med i speidartroppen, seier Sondre O. Bratland til slutt.



DØVEPREST ASGEIR STRAUME var festtalar på julefesten til soknerådet på Vaksdal i år. Festleiareren Gudrun Boge Karlsen er døvetolk og, og det vart ein fest med døve og høyrande, til gleder for alle.

Eg ser

Bjørn Eidsvåg

Eg ser at du e trøtt
men eg kan ikkje gå alle skrittå for deg.
Du må gå de sjøl,
men eg vil gå de med deg.

Eg ser du har det vondt,
men eg kan ikkje grina alle tårene for deg.
Du må grina de sjøl,
men eg vil grina med deg.

Eg ser du vil gi opp,
men eg kan ikkje leva livet for deg.
Du må leva det sjøl,
men eg vil leva med deg.

Eg ser at du e redd,
men eg kan ikkje gå i døden for deg
Du må smaka han sjøl,
men eg gjer død til liv for deg.
Eg har gjort død til liv for deg.

Guddommeleg tilpassningsevne

Men det at han for opp, kva er det utan at han og først for ned til legdene til jorda. Ef. 4.9.

Paulus skriv her om Jesu nedstiging til legdene på jorda. Han gjekk like ned til å verta unnfanga i mors liv. Men skulle han verta menneske i likskap med oss, så måtte det verta slik.

Men han har sagt: "Ingen ting er umogleg for Gud." Dei som ikkje vil tru på dette underet, nektar Jesu ord at ingen ting er umogleg for Gud. Dette steget viser oss hans store tilpassningsevne: Å gå frå herlegdomen til ein umedviten tilstand i mors liv.

Ein grunn for at Jesus vart menneske var at han måtte ha blodet for å sona vår synd. "For utan utrenning av blod skjer ikkje syndsforlating." Han vart fødd i ein stall og lagd i ei krubba. Han tok den ringaste plassen sjølv. Han byrja å oppfylla lovi alt ved sin fødsel. Og seinare i livet var han den fatigaste av alle. "Revane har hi, og fuglane har reir, men menneskesonen har ikkje det han kan halla hovudet på." Dette var for å oppfylla lovi.

Me ser han på fjellet der han vart forklåra. Andletet skein som soli, og kledda vart kvite som ljuset. Det skulle tilpassningsevne til å greia dette. "Men då dei såg opp vart dei ikkje var nokon utan Jesus åleine." Då var han gått tilbake til materien.

Den største tilpassning var vel når han hang på krossen og ropte: "Min Gud, min Gud, kvi har du forlate meg." I denne stunda vart han gjord til synd for oss.

Etter si oppstoda sa han til Maria Magdalena: "Gå opp og sei til brørne mine at no fer eg opp til min Gud og dykkar Gud, til min Far og dykkar Far." Han stilte seg heilt på same stadiet som dei var, i tilhøve til Gud. Kunne han koma med ei betre og meir fullkomen helsing?

I Lukas 13.37 står det: "Han skal binda opp kledda sine og føra dei til bords, og koma og setja fram for dei til bords, og koma og setja fram for dei." Han har ogso tilpassningsevne til å gjera dette. Det vert ei underleg stund. Då skal me skyna fullt ut. "En underfull frelser jeg eier."

Jesu tilpassning går frå herlegdomen til å verta unnfanga i mors liv. Og eit liv på jorda til oppstoda og ha all makt i himmel og på jord. "Anden skal herleggjere meg," sa Jesus. "Då må Anden herleggjere han for oss ved å visa hans guddommelege tilpassning.

Korleis skal me sleppa undan om me ikkje vyrder so stor ei frelse? Hebr. 2,3. Og så stor ein frelsar?

Håkon Helle

Rosenbukett

Vil så gjerne gi dere alle en rosebukett. Men alt her nede det visner så lett. Plukker heller en i Guds blomsterbed for de rosene varer evig ved. Den første jeg plukker heter kjærlighet. Den andre dufter av stille fred. Den tredje er nåden i Jesus Krist. Den fjerde er lett som fuglen på kvist. Den femte er håpet så fint og skjært. Den sjette er trygghet, den har vi så kjær. Den syvende er livet - det evige livet. Så her-kjære - er den rosenbuketten jeg dere vil gi.

Sitat - E.T.

Superorganist Michelsen

70 år



Thor Michelsen har vore organist i Vaksdal frå 1967. Med orgelspelet sitt har han vore til gleder og oppbygging for mange, i gleder og sorg. Han fylte 70 år 19. januar. Me takkar han og ynskjer til lukka post festum!

VELKOMEN TIL KYRKJE

febr.

- 26.- Kristi Forklærelsesdag
EIDSLAND kl.17.00 Sp.Steinnes
 offer til N.L.M.
NESHEIM kl.11.00. rk.Sønnesyn
 nattverd,offer til Bjørgvin
 stiftsenter.
DALE kl.11.00. Bornas Misjons-
 dag v/sp.Steinnes offer til
 Santalmis. kyrkjeskys.

mars

- 04.- Sondag før faste
VAKSDAL kl.18.00 sp.Steinnes,
 Vaksdal kyrkjekor
BERGSDALEN kl.11.00. Sp.Steinn
 nattverd.
 11.- 1.sundag i faste
DALE kl.11.00 rk.Sønnesyn,nattv
 offer til Israelsm. k.skyss
STAMNES kl.18.00rk.Sønnesyn,
 offer til Stamnes yngresl.
 og ungdomskor, k.skyss
 18.- 2.sundag i faste
STANGHELLE kl.17.00.fam.guds.
 v/Steinnes, offer til
 Samemisjonen-Fagertun
VAKSDAL kl.11.00 sp.Steinnes,
 nattv,offer til Menighetsf.
EKSINGEDALEN kl.11.00. rk.Sønn
 nattv.offer til Menighets-
 fakultetet, k.skyss.
 25.- Maria bodskapsdag
DALE kl.11.00 Sp.Steinnes,offe
 til Dr.Mauds Minne,k.skyss
BERGSDALEN kl.11.00.rk.Sønnesy
 nattv.offer til Bjørgvin
 Bispedømeråd.

apr.

- 01.- 4.sundag i faste
EIDSLAND kl.11.00. rk.Sønnesyn
 nattverd
STAMNES kl.11.00. sp.Steinnes,
 nattverd.
 08.- 5.sundag i faste
VAKSDAL kl.11.00 fam.g.v/Sønne
 offer Kirk.nødh,
DALE kl.11.00 fam.g.v/Steinnes
 offer Kirk.nødh. k.skyss
 15.- Palmesundag
NESHEIM kl.11.30 fam.g.v/Stein-
 nes,offer Kirkens nødhjelp
STAMNES kl.11.00 fam.g.v/sønne-
 syn, offer Kirkens nødhjelp
 kyrkjeskys

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE

- DALE
 25.12 Kirsti Burheim
 15.01 Roald Danielsen
 22.01 Kristian Didrik Faugstad



Olav Langhelle til minne

Kørt før nyåret kom bodet om at Olav Langhelle var død. Det kom overraskende på så mange. Heilt til det siste var han aktiv. I så mange samanheger møtte ein hans lune smil og gode humør. Det var med å knyta kontakt med så mange.

Olav Langhelle var aktiv med i kyrkja og bedehuset. Imange år hadde han si fast teneste i Dale kyrkje som kyrkjetenar, ein gjerning som hadde mykje å seia både for han sjølv og kyrkjelyden. Då det skulle byggjast ny kyrkje på Dale, var han med i byggjekomiteen. Men arbeidet på bedehuset, var og eit arbeid som låg han på hjarta. Han stod i brodden for arbeidet for nytt bedehus på Dale og fekk gjera eit stort arbeid her. Draumen var nok å få sjå det nye huset ferdig, men slik vart det ikkje.

Ellos var han i ein lengre periode med i kommunepolitikken. Han var og ein aktiv friluftsmann. Vi lyser fred over Olav Langhelle sitt minne.

- 22.01 Svein Erik Dale
 " Thomas Grenasberg
 " Caroline Klever
EIDSLAND
 04.12 Maud Jane Høvik

VIGDE



- DALE
 30.12 Harald Aadland og
 Linda Reinholdtsen
 " Leif Grenasberg og
 Jane Veka

AVLIDNE



- DALE
 02.12 John O. Johnsen f.1900
 06.12 Sigrid Nilsen f.1899
 11.12 Gunnar Bjarne Kvamme f.1920
 13.12 Johannes Eliassen f.1914
 16.12 Henrik Ravnstad f.1922
 20.12 Ludvik Johan Rødland f.1905
 29.12 Olav Langhelle f.1910
 10.01 Sigrid Hansen f.1911
BERGSDALEN
 02.01 Ragnhild Brekke f.1901
 05.01 Lars M. Lid f.1894
STAMNES
 22.11 Olav Dyvik f.1917
 20.12 Johannes A. Hagen f.1894
 23.12 Amanda Sofie Eide f.1903